



SAKSHANDSAMAR  
Hanne Merete R. Moldung  
Line Bårdsgen  
Ole Søe Eriksen  
Ingeborg Magerøy  
  
VÅR REF.  
20/11439-39

VÅR DATO  
06.09.2021

postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

DYKKAR REF.                   DYKKAR DATO

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Att: Seksjon for kulturarv, Arealplan

## **Bybanen frå Bergen sentrum til Åsane - Varsel om utvida planområde - Riksantikvaren sitt innspel**

Riksantikvaren viser til oversending frå Vestland fylkeskommune av brev frå Bergen kommune datert 02.07.2021 der Riksantikvaren vert beden om innspel i ovannemnde sak.

**Riksantikvaren forstår at Bybanen er eit viktig tiltak for Bergen, men samstundes må det takast nok omsyn til dei nasjonale og internasjonale kulturminneverdiane, når ein skal velje trasé for Bybanen.**

**Riksantikvaren forutset at tunnelalternativet er eit reelt alternativ til dagalternativet, og vi vurderer det som svært positivt at planområdet vart utvida til å gjelde tunnelalternativa for Bybanen frå Bergen sentrum til Åsane.**

**Ei etablering av tilkomsttunnel ved Mariakyrkja kan innebere fare for utilbørleg skjemming av Mariakyrkja og inngrep i organiske kulturlag, som begge er automatisk freda kulturminne. Dette er eit område med store nasjonale og internasjonale kulturminneverdiar samla sett.**

**Riksantikvaren forutset at det føreligg likeverdige kunnskapsgrunnlag for tunnelalternativet og dagalternativet for arbeidet med konsekvensutgreiinga for verknader på verdsarvverdiane (KUVA/HIA) før kommunen tek eit val av traséløysing for bybanen.**

## **Bakgrunn**

Riksantikvaren sitt innspel gjeld Mellomalderbyen Bergen, området med automatisk freda bygrunn og Mariakyrkja som direktoratet har førstelinjeansvar for. Bryggen som verdsarvstad er Vestland fylkeskommune sitt ansvar, men vi er bede om innspel. Dette er etter gjeldande retningsliner innan kulturminneforvaltninga, jf. Forskrift om fastsetjing av myndighet mv. etter kulturminnelova av 15.2.2019 nr. 127 (ansvarsforskrifta) og Rundskriv T-4/92 frå Miljøverndepartementet.

Riksantikvaren har gitt fråsegn til varsel om utvida planområde for reguleringsplan for Bybanen frå sentrum til Åsane i brev datert 18.6.2020, til oppstart av reguleringsplanen i brev datert 25.6.2018 til Vestland fylkeskommune, til konsekvensutgreiinga i brev av 6.5.2013, og til tilleggsutgreiingane 25.10.2013. Samstundes har vi delteke på fleire møter med Bergen kommune. Siste møte var prosessmøte for kulturminneforvaltinga den 25.8.2021 med Bergen kommune og Vestland fylkeskommune.

## **Saka**

Bergen bystyre vedtok 20.4.2016 å leggje traseen for Bybanen frå sentrum til Åsane. Bergen bystyre vedtok 28.5.2020 ei utviding av planområdet for reguleringsplanen for Bybanen frå Bergen sentrum til Åsane. Bergen kommune, Plan- og bygningsetaten varsla oppstart av planarbeid for utvida planområde for tunnelalternativet for delstrekning 1, sentrum i brev datert 29.5.2020. I brev datert 2.7.2021 varsla Plan- og bygningsetaten utviding av planområdet for tunnelalternativet. Under arbeidet med tunnelalternativet har Bergen kommune kome fram til ei anbefalt løysing som inneber underjordisk haldeplass for Bybanen i fjell med to tilkomsttunnellar med utgangar i Øvregaten, og har derfor sendt varsel om utvida planområde.

Arbeidet med gjennomføring av grunnundersøkingar for å avklare m.a. geotekniske, hydrogeologiske og arkeologiske tilhøve på ulike delar av strekningen er starta, men ikkje fullført. Arbeidet med ei konsekvensutgreiing av verknad på verdsarvverdiane på Bryggen (KUVA KonsekvensUtgreiing for VerdsArv/HIA Heritage Impact Assessment ) er i gang. Det ligg føre ein foreløpig rapport for enkelte deltema knytt til dagalternativet, og arbeidet med KUVA/HIA for tunnelalternativet er igangsatt.

Utgreiinga av tunnelalternativet vert utført i 2020 - 2021 for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget, og skal utførast på same skissenivå som dagalternativet. Byrådet skal leggje fram sak for bystyret om løysing for Bybanen gjennom Bergen sentrum hausten 2021.

## **Verdsarv, kulturminne og kulturmiljøinteresser**

Det utvida planområdet ligg innanfor avgrensinga av *Mellomalderbyen Bergen*, og i nærleiken av Mariakyrkja frå mellomalderen og verdsarvstaden Bryggen.

Mellomalderbyen omfattar aktivitetsspor knytt til busetnad, handverk, handel, sjøfart, sakralt og urbant liv. Over kulturlaga frå mellomalder er det kulturlag og kulturminne frå Bergens etterreformatoriske historie opp til dagens Bergen. Mariakyrkja har ein særleg plass blant mellomalderkyrkjene i Noreg. Dette er knytt til den unike historiske rolla ho har hatt som kyrkje for hanseatane, til den særmerkte og godt bevarte arkitekturen frå romansk og gotisk tid og til det uvanleg rike interiøret og inventaret i kyrkja. Mariakyrkja og Mellomalderbyen er automatisk freda kulturminne.

Noreg har ratifisert Unesco si verdsarvkonvensjon og har forplikta seg til å forvalte dei norske verdsarvstadene i tråd med det som følger av konvensjonen og eit internasjonalt vedteke sett med retningsliner for gjennomføring av konvensjonen. Bryggen vart skiven inn på verdsarvslista i 1979 etter kriteriet iii) «Be unique, extremely rare, or of great Antiquity». Noreg har teke på seg eit internasjonalt ansvar for å sikre dei framståande universelle verdiane på Bryggen. Internasjonale evaluéringsrapportar peiker spesielt på omgjevnadene, gatenettet frå mellomalderen, Vågen, kaiane og fjella, som spesielt viktige å ta vare på for å oppretthalde integritetsverdiane. Hanseatisk museum sin bygningsmasse inngår i verdsarvstaden.

Som statspart til konvensjonen forpliktar Noreg seg til å ikkje gjennomføre tiltak som kan påverke verdsarverdiane negativt. I *Nasjonale forventninger til kommunal og regional planlegging*, vedteke 14. mai 2019, skal dei norske verdsarvstadene gjennom arealplanlegginga utviklast som fyrtårn for beste praksis innanfor natur- og kulturminneforvalting.

## **Riksantikvaren sine innspel**

Riksantikvaren forstår at Bybanen er eit viktig tiltak for Bergen, men samstundes må det takast nok omsyn til dei nasjonale og internasjonale kulturminneverdiane, når ein skal velje trasé for Bybanen.

Konsekvensutgreiingane i 2013 viser at det er mogleg å løyse vidareføringa av Bybane frå sentrum til Åsane ved tunneltrasé gjennom sentrum. Ein tunneltrasé vil få innverknad på dei organiske kulturlaga innanfor *Mellomalderbyen Bergen*. Kulturlaga er fundamenta for både freda og verneverdige bygningar og verneverdig kulturmiljø. På bakgrunn av dei komplekse samanhengane mellom grunnvatn og arkeologiske kulturlag vil tunnelløysinga også innebere

krav om avbøtande tiltak, tetting og overvaking av grunnvatn på linje med krav til dagalternativet.

Riksantikvaren forutset at tunnelalternativet er eit reelt alternativ til dagalternativet, og vi vurderer det som svært positivt at planområdet vart utvida til å gjelde tunnelalternativa for Bybanen frå Bergen sentrum til Åsane. Direktoratet har heile tida sagt at tunnel med innslag i Christies gate eller Peter Motzfeldts gate er ei betre løysing for kulturminneverdiane og verdsarven, og vi understrekar at vi framleis meiner dette. Riksantikvaren er i prosessmøter blitt gjort kjent med at Bergen kommune i utgreiingsarbeidet har gjennomført ei konsekvensutgreiing for å kome fram til ei anbefalt løysning for tunneltraséen. Bergen kommune har kome fram til ei anbefalt løysing som inneber tunnelinnslag i Heggebakken med underjordisk haldeplass i fjell med to tilkomsttunnellar med utgangar i Øvregaten. Ein tilkomsttunnel vil ligge i nærleiken av Mariakyrkja.

Ei etablering av tilkomsttunnel ved Mariakyrkja kan innebere fare for utilbørleg skjemming av Mariakyrkja og inngrep i organiske kulturlag, som begge er automatisk freda kulturminne. Dette er eit område med store nasjonale og internasjonale kulturminneverdiar samla sett. Mariakyrkja ligg utanfor avgrensinga for verdsarvstaden Bryggen, men utgjer ein svært viktig oppsluttande verdi til verdsarven.

I konsekvensutgreiinga vert det m.a. tatt utgangspunkt i kulturlagsdjupner slik det er registrert i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden og MabyGis. Registreringane i databasen er basert på anslag, og er ikkje nøyaktige nok til å kunne danne grunnlaget for ei konsekvensutgreiing for kulturlag. Konsekvensutgreiingar som tar utgangspunkt i MabyGis blir dermed for unyanserte og bør ikkje danne grunnlaget for løysingsutviklinga i tunnelalternativet. Dette inneber at alternativ for tilkomsttunnellar til underjordisk stopp kan ha blitt silt bort på bakgrunn av eit for dårlig kunnskapsgrunnlag når det gjelder potensiell konflikt med arkeologiske kulturlag. Tilkomsttunnellar som var silt bort i konsekvensutgreiingsarbeidet, har plasseringar i område utan like store nasjonale og internasjonale kulturminneverdiar som utgangen i Øvregaten ved Mariakyrkja. Riksantikvaren meiner dette er uheldig.

Grunnundersøkingane er satt i gang. Resultata frå undersøkingane skal danne grunnlaget for ei vurdering av, og avklaring av grunnforholda, som igjen vil danne grunnlaget for å kunne vurdere utfordringar og kompleksiteten for å gjennomføre tunnelløysinga. På bakgrunn av kompleksiteten knytt til samanhengen mellom grunnvatn og kulturlag bør alle dei planlagde grunnundersøkingane som skal danne grunnlaget for utgreiinga av tunnelløysinga gjennomførast for å få et godt nok kunnskapsgrunnlag for val av løysning. Ved planar om tiltak

som kan kome i konflikt med verdsarvverdiane, i eller utanfor eit verdsarvområde, skal ein KUVA (KonsekvensUtgreiing for VerdsArv /HIA Heritage Impact Assessment) gjennomførast jf. Retningslinene for gjennomføring av konvensjonen.

Riksantikvaren forutset at det føreligg likeverdige kunnskapsgrunnlag i skissefasen for tunnelalternativet og dagalternativet for arbeidet med konsekvensutgreiinga for verknader på verdsarvverdiane (KUVA /HIA ) før kommunen tek eit val.

Riksantikvaren forutset vidare at kulturminneforvaltinga blir orientert om prosessen i arbeidet med skissefasen for tunnelalternativet på lik linje med dagalternativet.

Riksantikvaren ber om at direktoratet sitt innspel blir innarbeidd i fylkeskommunen si fråsegn. Vi forutset at våre innspel ikkje endrast ved politisk handsaming i fylkeskommunen. Skulle det skje må saka sendast Riksantikvaren slik at direktoratet kan vurdera å ta over saka som kulturminnemyndighet.

Beste helsing

Leidulf Mydland  
seksjonssjef

Hanne Merete R. Moldung  
seniorrådgjevar

## Brevet er elektronisk godkjend